

Oppsummering frå hyttemøtet 06.10.18:

Tilstade: ca. 18 hyttegolar (fleirtalet av dei oppmøtte var nye brukarar av hyttemøtet)

Innleiarar:

Ordførar Heidi Granli – Velkommen, fakta om hyttegolar, aktivitetar og tenester for hyttegolar og oppfordringar

Gol kommune, avd. Samfunn og utvikling v/Svein Eide kommunalsjef og Sander Lilleslett medarbeidar – Samfunnsdelen av kommuneplanen, revidering av Kommuneplan (arealdel), nytt renovasjonspunkt på Golsfjellet.

Hallingdal Renovasjon v/Helge Svarstad – Informasjon om renovasjonsselskapet i Hallingdal og kommunale renovasjonsløysingar i Gol og på Golsfjellet

Visit Gol v/Sissel Bjørøen og Linda D Bjerke – Informasjon om destinasjonsselskapet, turistkontorets arbeid og aktivitetar

Innspel frå hyttegolarane:

- Viktig at kommunen forbereder seg og presenterer kva som er nytt i høve til førre år på sine hyttemøter
- Gode attendemeldingar på kommunens føringar til kommuneplanen ifm. fortetting av hytteområder versus å opne for nye områder
- Attendemeldingar som går på hard og auka bruk av private «hyttevegar»/fjellvegar. Kommunen bør ta høgde for auke i bruk av vegar når ein opnar for fortetting samt stiller krav/villkår til kompensasjon ved stor anleggstrafikk til vegeigarlaga.
- Det er eit mål å få lagt ut tidlige presentasjonar frå hyttemøtetene samt informasjon som er gitt på tidlige hyttemøter på hyttegolar sin fane på kommunens heimesider.
- Det oppfordrast også om at informasjon gitt ifm. revisjon av kommuneplan (presentasjonar og referat av informasjonsmøter/folkemøter ol.) blir lagt ut på hyttegolar sin fane på kommunens heimeside.
- Det kom opp spørsmål om kommunens markagrense og det var vist på skjerm.
- Innspel om betre skilting frå RV52 til Klemmavegen, innfarten ved Vesterhuset.
- Betre informasjon og vurdering av andre opningstider til mottaket i Klemma.
- Det kom også ein del innspel på løysingar for den nye renovasjonsplassen på Golsfjellet ved Storefjellkrysset mtp. bomveg problematikken. Dette ift om denne plassen skal nyttast av andre hyttegolar enn dei innanfor bomvegen (dei som soknar til FV51)

Innspela bli tekne vidare til relevante aktørar.

Relevant aktør til neste år kan vera å ta med Hallingdal Kraftnett for å informere om framtidige moglegheiter for tilkobling til fiber.

Etter møtet var det høve til å få synfaring av Gol idrettsarena.

Takk for møtet!